


Årsmelding og rekneskap 2012



Nordlys i Velledalen. Foto: Per Magne Drotninghaug



SYKKYLVEN
ENERGI AS

www.sykkylven-energi.no

Merkeår

- 1918** Straumlevering frå kraftstasjonen på Riksheim starta
- 1942** Tappetunnelen frå Storevatnet klar
- 1947** Generator 1 i Riksheim Kraftstasjon sett i drift
- 1952** Ramstaddal og Søvikdal får elektrisk kraft
- 1958** Generator 3 i Riksheim Kraftstasjon sett i drift
- 1962** Innfasing mot Tussa kraft over Sykkylven sekundærstasjon på Haugseth
- 1983** Ramstaddal Kraftstasjon sett i drift
- 1992** Fjerning av siste rest med 7,5kV nett i Hundeidvik
- 1995** Nytt kontrollanlegg i kraftstasjonen på Riksheim.
Etablering av fjernkontroll
- 1997** Ny inntaksluke på Riksheim
- 1998** Everket fyller 80 år og selskapet vert omdanna til aksjeselskap (Sykkylven Energi AS)
- 1999** Nytt kontrollanlegg og koplingsanlegg i Sykkylven transformatorstasjon
- 2002** Overtaking av VAR-området frå Sykkylven kommune
- 2003** Bygging av Riksheimdalen Kraftstasjon - Bygging av silanlegg i Ullavik.
Vassverket vart godkjent etter drikkevassforskrifta
- 2004** Bygging av silanlegg på Vik
- 2005** Ny miljøstasjon opna på James
- 2008** Medeigarskap i lokalt småkraftverk
Vedteke å delta i Ålesundsregionen interkommunale miljøselskap (ÅRIM)
- 2011** Fiberutbygging vedtatt og i gang
Kundekortsystem innført på miljøstasjonen
ÅRIM overtok ansvaret for innsamling av hushaldningsavfallet i Sykkylven kommune
- 2012** Dei første *Fiber Til Heimen*-kundane vart tilknytt

Innhold

Introduksjon av selskapet	3
Organisasjon	3
Administrerende direktør har ordet	4
Presentasjon av forretningsområda	5
Produksjon av straum	5
Distribusjon av straum	6
Fibernet	8
Vassforsyning, avløp og renovasjon	9
Økonomi-/administrasjons-/kundeavdelinga	11
Nøkkeltal	12
Styret si melding	13
Økonomi	13
Eldistribusjon og kraftsal	13
Vatn, avløp og renovasjon	14
Produksjon i egne kraftstasjonar	14
Fiber	14
Anna	15
Arbeidsmiljø og likestilling	15
Forskning og utvikling	15
Ytre miljø	15
Generelt	15
Disponering av årsresultat	15
Revisor si melding	16
Resultatrekneskap	17
Balanse	18
Notar til rekneskapen	20
Kontantstraumoppstilling	29
Samfunnsrekneskap	30

Introduksjon av selskapet

Sykkylven Energi AS (SE) vart etablert i samband med bygginga av kraftstasjonen på Riksheim. Straumleveringa frå eige verk tok til den 22. januar 1918, og år 2012 var såleis selskapet sitt 95. år i drift. Hausten 1997 vedtok Sykkylven kommunestyre å omorganisere selskapet til eit aksjeselskap.

SE eig og driv tre kraftstasjonar, ein i Ramstaddal og to på Riksheim. Forsyninga av konsesjonsområdet er sikra gjennom tilknytting til samkøyringsnettet via Sykkylven Transformatorstasjon.

I 2002 overtok SE ansvaret for drift av vatn, avløp og renovasjon frå Sykkylven kommune.

I 2011 blei eit nytt forretningsområde grunnlagt. Det blei då vedteke å byrje med utbygging av fiber i Sykkylven kommune. I 2012 er det bygd ut fiber til næringslivet samt kommunale lokasjonar i sentrumsområdet, samt eit pilotprosjekt for fiber til privatkundar.


ORGANISASJON

SE er 100 % eigd av Sykkylven kommune og er registrert som eit aksjeselskap.


Styret har 7 medlemmar. Av desse er 5 oppnemnt av generalforsamlinga (kommunestyret) og 2 er arbeidstakarrepresentantar. Dagleg leiar møter på styremøta, men er utan stemmerett. Avdelingsleiar Distribusjon er "ansvarleg driftsleiar" godkjent av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

Elsikkerhet Møre AS koordinerer aktiviteten med tilsyn av dei elektriske anlegga. Selskapet blei stifta 1. oktober 2002, og har som hovudoppgåve å utføre dei lovpålagde tilsynsoppgåvene for eigarselskapa. Elsikkerhet Møre AS er eigd av Nordvest Nett, Sandøy Energi, Stranda Energiverk, Sykkylven Energi, Tafjord Kraftnett, Tussa Nett og Ørskog Energi.

Resultat for Sykkylven Energi AS frå 1996 – 2012:



ORGANISASJONSPLAN SYKKYLVEN ENERGI AS:



Eit viktig arbeidsmål for SE er utvikling av samarbeidet med andre aktørar i næringsrådet, og korleis ein gjennom samarbeid og spesialisering kan hente ut stordrifts-

fordelar. Det er etablert samarbeid på ei rekke område, og på andre område er det planar om samarbeid.

Administrerende direktør har ordet

Inngangen til 2012 vart sterkt prega av skadeomfanget etter Dagmar sine herjingar som ramma Sykkylven og store deler av Nordvestlandet 25. desember 2011. Mykje av vår plan- og montørkapasitet brukte første halvår på å rette feil og manglar som oppsto som følgje av orkanen.

Sykkylven har eit sikkert og robust nett, med ein høg andel av jordkabel. Dette var medverkande til at vi ikkje vart hardast ramma av orkanen. Samstundes er det naturleg å gi honnør for den innsatsen som alle våre tilsette la ned, både i beredskapsfasen og i månedane etterpå.

I det vi begynte å sjå enden av Dagmar sine øydeleggingar, vart vi rammet av ei ny naturkatastrofe. Tidleg på morgonkvisten den 14. mars fekk vi melding om eit jordras på Årset og at turbinleidninga, som forsyner innbyggjarane tilknytt Sykkylven Vassverk med drikkevatt, var skada. Nok en gang vart det slått full beredskap. I løpet av få timar, vart det sendt ut ko-kevarsel til alle kundane og i løpet av ettermiddagen starta forsyninga av krisevatt frå Andestadsvatnet. Det vart i dagane etter også gjort avtale med Sætre og James vassverk, som bidrog til å forsyne delar av kommunen med krisevatt. Våre tilsette la på nytt ned ein imponerende innsats, i tett samarbeid med Sivilforvaret.

Hendingane viser sårbarheita i lokalsamfunnet for samfunnskritiske tenester. Erfaringane viser også behovet for å etablere meir forpliktande samarbeid med både de private vassverka i Sykkylven og andre lokale energiselskap.

Kraftprisen påverkar i stor grad selskapet si inntening og resultat. Sjølv om produksjonen frå våre kraftstasjonar var normal, førte eit stort tilsig og høg magasinfylling på landsplan til at den gjennomsnittlege prisen i 2012 var vesentleg lågare enn tidlegare år. Kombinert med at inntektsram-

ma for 2012 var historisk låg, og at avtalen med Nordvestkraft om samfakturering opphøyrt, vart resultatet svakare enn det vi har blitt vant til. Tar vi omsyn til nemnde faktorar, leverer selskapet eit solid resultat for 2012.

Den økonomiske reguleringa av straumnettet endrast frå 2013. Endringa har m.a. samband med at bransjen står framfor store investeringar, bl.a. i nye nettanlegg og AMS. Endringane i reguleringa, slår positivt ut for Sykkylven Energi gjennom at inntektsramma aukar. Med denne auken får vi betre rammevilkår for å gjennomføre dei oppgåvene som kundane, eigarane og myndighetene ventar skal skje.

I bransjen skjer det ein omfattande strukturbatt, der det frå den eine sida blir påstått at dagens fragmenterte struktur, med mange små energiselskap, ikkje er effektiv og framtidsretta. Godt hjulpet av endra og tøffare rammevilkår, trur eg at vi vil sjå ei konsolidering i åra som kjem. Sykkylven Energi har eit strategisk hovudmål om lokalt eigarskap. For å møte forventningane og dei tøffare rammevilkåra, har vi fokus på å utvikle samarbeidsrelasjonane til andre lokale energiselskap. Dei resultata som er oppnådd gjennom slike forpliktande samarbeid dei seinaste åra er gode, til dømes Smart Strøm Nordvest / Smarthub AS, El-sikkerhet Møre AS samt det samarbeidet som er etablert med Tussa i 2012. Som liten og lokal trur eg det er avgjerande å få til samarbeid, der vi fokuserer på effektiv drift og på å utnytte kvarandre sine fortrinn og styrker.

I 2012 har vi bygd fiber til over 600 husholdningar. Det er også bygd og levert fiber til næringsliv og kommunale lokasjonar i dei sentrale delar av kommunen. Bygging av ny kraftstasjon på Riksheim har kome godt i gang og dette prosjektet ventast ferdigstilt i løpet av hausten 2013. I tillegg er det



gjort viktige avklaringar og lagt planar for den store ombygginga av høgspennetnettet som vil skje fram mot 2015 i samband med etablering av nye Sykkylven Trafostasjon på Heiane.

Mange spennande, interessante og krevjande prosjekter, som har stor samfunnsmessig betyding, står i kø innan alle fagområde. I ein periode framover vil trykket vere stort og kapasiteten vår vil vere meir enn fult ut utnytta. Situasjonen stiller oss ovanfor tøffe prioriteringar og utfordrar oss til å tenke nytt, samstundes som vi må fokusere enda sterkare på våre kjerneoppgåver. På den måten har vi et mål om å vidareutvikle vår kompetanse og dra nytte av våre smådriftsfordelar.

Trond T. Lauritsen
adm. direktør

Produksjon av straum

Sykkylven Energi AS har følgjande tre produksjonsanlegg:

- Riksheim Kraftstasjon 1918
- Ramstaddal Kraftstasjon 1983
- Riksheimdal Kraftstasjon 2003

Alle tre stasjonane er magasinverk, dvs at produksjonen er basert på eit vassmagasin og har ein produksjon som kan regulerast uavhengig av nedbør og tilsig. I Riksheimdalen er det Storevatn som er magasin for Riksheim Kraftstasjon og Riksheimdal Kraftstasjon, medan Årsetvatn er magasin for Ramstaddal Kraftstasjon.



Jon Ivar Mork,
fagansvarleg produksjon

Mange småkraftverk som vert bygde i dag er elvekraftverk, med inntak rett frå elvelaupet. Desse produksjonsanlegga er difor avhengige av vassføringa i elva og kan ikkje produsere fritt i forhold til årstid, kraftpris og ev. problem i linjenettet (beredskapssituasjon).

Inngangen til 2012 var prega av ein unormalt nedbørsrik sommar og haust, som bidrog til ei toppnotering i vassmagasina på landsplan (80%). Same trend opplevde vi og i våre eigne magasin.

Den gode tilsigssituasjonen påverka i stor grad prisen på krafta, og dermed også inntektene. I 2012 var gjennomsnittleg oppnådd pris 23,24 øre, som er ei halvering samanlikna med 2010 og ein nedgang på 35% i forhold til 2011.

Etter anbuds konkurranse blei det i april inngått kontrakt med Christie & Opsahl AS om totalentreprise for bygging av nye Riksheim Kraftverk. Arbeidet er ved årsskiftet i full gang.

Tiltaket har fleire positive sider. Mellom anna skal røyr gata som i dag ligg godt synlig i terrenget fjernast og den nye røyr gata vil bli nedgrave. Nye røyr og moderne turbinar/generatorar vil føre til ei auke i produksjonen på om lag 6-7 GWh pr år. Tiltaket er forventa å koste ca 53-55 mill. og skal etter planen stå ferdig i oktober 2013.

Aktivitet

Samla produksjon ved SE sine kraftstasjonar var i 2012 på 44,8 GWh, noko som tilsvarer gjennomsnittet for dei siste 4 åra.

Driftsavvik


Vi har gjennom året hatt eit driftsavbrot ved kvar av våre 3 kraftstasjonar, som til saman har medført eit redusert produksjonsvolum

på om lag 5 GWh. Det mest omfattande driftsavviket oppsto i samband med raset på Årset og skaden på turbinleidninga den 14. mars. På grunn av fleire uheldige faktorar tok reparasjonen lang tid og maskina blei ikkje sett i drift før i september 2012. Dei økonomiske konsekvensane ved avbrotta er avgrensa, da det meste av dei tapte inntektene vert dekt gjennom forsikringa.

Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:

	Riksheim Kr.St. [GWh]	Riksheimdal Kr.St. [GWh]	Ramstaddal Kr.St. [GWh]	SUM [GWh]
2004	23,0	21,1	3,2	47,3
2005	25,1	24,4	3,7	53,1
2006	18,9	16,2	3,0	38,1
2007	25,6	27,2	4,6	57,3
2008	21,7	20,4	3,6	45,7
2009	20,9	20,9	3,8	45,7
2010	16,3	15,5	2,7	34,5
2011	23,1	21,5	3,8	48,5
2012	21,2	22,2	1,4	44,8
Snitt	21,8	20,9	3,5	46,3

Sum produksjon 2004–2012:



PRIVATE KRAFTVERK

Dei tre private produsentane som leverer til SE sitt nett har i 2012 hatt ein samla produksjon / innmating på 14,4 GWh.

Distribusjon av straum



Halvard Hjorthol, avd.leiar EL

Forbruket i 2012 viser ein auke i forbruket i forhold til 2011 på 8,8 %. Auka tilsvarer om lag 10.000 MWh som igjen tilsvarar normalforbruket til om lag 500 husstandar. Endringa viser eit forbruk som er tilbake på 2010 nivå. Dette er normale svingingar som i hovudsak er temperaturpåverka.

Feilstatistikken for 2012 viser at vi har ein nedgang frå siste år og er det lavaste på mange år. Årsaka kan vere at stormen Dagmar rydda vekk ein del svake punkt i nettet som på seinare tidspunkt vil kunna utvikla seg til ein feil. Måten tilstandskontrollen blir utført på gjer at vi berre har høgst nødvendige utkoplingar i nettet. Dette bidreg også positivt i KILE rekneskapet.

Leveringsgrad utrekna som en prosentsats basert på forholdet mellom faktisk levert energi og "manglande levering" grunna avbrot, er 99,992% i 2012.

KILE-STATISTIKK

KPI-justert frå 2011 KILE-KOSTNADER	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM AVBROTSKOSTNADAR		
	Andre [antal / kkr]	Eige nett [antal / kkr]	Andre [antal / kkr]	Eige nett [antal / kkr]	Andre [kkr]	Eige nett [kkr]	Sum alle [kkr]
2012	0/0	12/157	0/0	14/134	0	291	291
2011	1/2247	17/412	0/0	37/304	1/2247	716	2963
2010	0/0	05/353	0/0	44/241	0	594	594
2009	0/0	15/121	0/0	28/205	0	325	325
2008	2/2	22/444	0/0	21/147	2	591	593

Av større feil og avbrot kan nemnast (KILE-kostnad i kr):

Riksheimlinja ut for jordfeil	96529
DAGMAR, utskifting stolpar Tu, Blakstad	62209
Skifte travers Aurdal	25039
Ramstaddallinja falt ut pga overstraum. Tre låg over linja ved Løvoll	18760
Feil HS Drabløsstranda. Tre over linje.	18486

STATISTIKK

Som tabellen under viser aukar lengd kabel medan lengd på luftlinjenettet minkar for høgspennetnettet.

Dette er positivt både ut i frå ein driftsmessig og miljømessig synsstad.

STATISTIKK ELEKTRISKE ANLEGG

	HØGSPENTNETT		LAVSPENTNETT		FORDELINGSTRAFOAR	
	Luftlinje [km]	Kabel [km]	Luftlinje [km]	Kabel [km]	Antal stk]	Inst.yting [kVA]
2012	77,03	84,22	173,00	217,11	227	73190
2011	77,48	83,71	175,18	216,31	224	71675
2010	77,49	83,51	178,27	213,47	226	72420
2009	77,49	82,71	176,75	211,05	224	70985
2008	77,7	81,3	176,7	208,4	221	69550

INVESTERING / DRIFT

Arbeidet med tilstandskontroll har fortsett i 2012. Arbeidet er å sikre at våre anlegg tilfredsstiller krav i lov og regelverk og gir ein sikker og god straumtilførsel. Kontrollen er systematisk med årleg,

5 årleg og 10 årlege intervall. Vi har i 2012 innført nytt system, NetBas Vedlikehald. Dette gir oss ei endå betre oversikt og forenkla arbeidet då all informasjonsflyt går elektronisk.

Det har og vore arbeid med kontroll av alle anlegg med forbruk på over 100.000 kWh. Dei anlegga med størst forbruk har i 2012 vore kontrollert og det er avdekka til dels store feil. Arbeid med å rette påviste feil, få på plass gode rutinar og vidare kontrollar vil forsette.

Statnett si utbygging av 420kV linje med ny trafostasjon på Heiane og den medfølgjande rivinga av dagens innmatingsstasjon på Haugseth, medfører at vi får store endringar i innmatinga av straum til Sykkylven kommune. Det har vore arbeidd mykje med dette og har for hausten 2012 tatt mykje av vår planleggingskapasitet. Vi har også leigd inn ekstra til dette.

Det har blitt utført arbeid på følgjande større anlegg:

- Tilstandskontroll på utvalte anlegg
- Dagmar reparasjonar
- Fauske ombygging lavspennett
- Feltkontroll (målkontroll over 100.000 kwh)
- Automatisk jordfeilvarsling
- Ombygging Janbakkane

VEGLYS 2012

Det har berre vore utført ordinært vedlikehald.

STRAUMABONNEMENT OG FORDELING PÅ KUNDEGRUPPER MED ÅRSFORBRUK OG NETTLEIGE

2012	Antal abonnentar	% fordeling	Årsforbruk MWh	Nettleige i kkr	% fordeling
Fritidsbustad	468	10 %	2 853	1 390	4 %
Hushaldning og jordbruk	3 486	77 %	55 534	17 181	54 %
Mindre næring med effektmåling	3	0 %	293,02	103	0 %
Mindre næring, berre energimåling	394	9 %	19 748	5 369	17 %
Næring (200 - 1000kW)	28	1 %	24 634	4 638	15 %
Næring (> 1000kW)	5	0 %	10 985	1 793	6 %
Utkoblbart forbruk	23	1 %	10 041	983	3 %
Gate - /veglys	84	2 %	990	205	1 %
Sum	4491	100 %	125 077	31 662	100 %



Nordlys sett frå Haugneset. Foto: Per Magne Drotninghaug

Fibernet

Sykkylven Energi AS har gjennom fleire år førebudd ei utbygging av fiberbasert infrastruktur gjennom å legge trekkerør i opne grøfter. I tillegg har det til private bustadhus i stor grad blitt nytta inntakskablar med rør for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen.

Gjennom vinteren 2010/2011 vart strategien SE ønska å satse på avklara med samarbeidspartane, avtalar vart skrivne og rammene for fibernetutbygging i SE sin regi bestemt. Med dette som bakgrunn starta SE våren 2011 utbygging av høghastigheits fibernet til både næringskundar, kommunale lokalisasjonar og private bustadar.

Utbyggingsprosjektet for fibernet i Sykkylven er delt i fire fasar:

- Levering av internett og faste kommunikasjonslinjer til næringslivet gjennom eit samarbeid med PC Support AS.
- Knytte saman større kommunale bygg i eit eige datanett (administrasjon, helseinstitusjonar, skular mm).
- Levering av fibersamband mellom James og Utgård for leveranse av stamkapasitet til Hundeidvik Fibernet SA.
- Utbygging av "fiber til heimen" (FTH) for leveranse av internett, TV og telefoni til private bustadar i eit avgrensa område (pilotområdet) gjennom eit samarbeid med NextGenTel AS.

Vår vurdering er at om Sykkylven framleis skal være ein attraktiv stad å bu og

å drive næringsverksemd er vi avhengig av framtidsretta løysingar for kommunika-



*Jens Kåre Blakstad,
avdelingsingeniør og ansvarleg fiber*

sjon. Fibernetet vil tilfredsstille "alle" krav i så måte.



Pilotområdet: Bustadområda nord for Aureelva, frå Fauskeelva i vest til og med Grebstadlia 1 i aust.

Pilotområdet for FTH

I 2012 har vi bygd ut og levert fiber til dei største bustadområda nord for Aureelva, frå Fauskeelva i vest til og med Grebstadlia 1 i aust. (Hjellane og delar av "midtre" Grebstad er ikkje med.) I dette området er her i overkant av 500 private bustadar. I tillegg er det bygd ut og levert fiber til ulike borettslag i Sykkylven. I første del av 2013 skal vi levere FTH til om lag 50 husstandar

på Haugset og Aurdal. Ei føresetnad for å starte utbygginga var at minst 60% av bustadane i pilotområdet skreiv kontrakt om tilkopling til fibernetet og levering av innhaldstenester. Positiv respons frå kundane ga veldig hyggeleg og tilstrekkeleg dekningsprosent.

Vinteren 2013 vart det gjennomført ei evaluering av satsinga innan fiber. Evalueringa


frå pilotområdet var positiv, og administrasjonen vil framover lage planar for ei vidare utbygging av FTH i Sykkylven.

Aktivitet

Utbygging av stamnett for leveranse til næringslivet og kommunen er i det utvida sentrumsområdet (Ørsnes – Tynes – Ekornes) utført i SE sin regi. Utbygging av FTH er utført av Relacom AS.

Vassforsyning, avløp og renovasjon

Oversikt over kostnadsførte investeringar 2002 – 2012:



Ivar Selsbakk, avd.leiar VAR

INVESTERINGAR

Investeringane i 2012 har omfatta følgjande prosjekt:

- Fullført utskifting av vassleidning Grebstad – Kagholen.
- Montert målarar ved fleire pumpestasjonar for å få oversikt over avløpsmengder.
- Bygd avløpsanlegg på Fauske og Eidem for å få auka tilknytning.
- Skifta ut avløpsleidningar i Janbakkane og Høgebøane.

I tillegg har det vore arbeid med prosjektering av avløpsanlegg i Straumgjerde og høgdebasseng på Øvre Tynes. Bygging av høgdebasseng vart ikkje realisert grunna høge anbodskostnader.

Hovudplan avløp vart vedteke i kommunestyret i desember. Denne planen legg føringar for framtidige investeringar innan avløpssektoren.

Sum investering innan vassforsyning var kr. 1 487 905 og avløp kr. 2 587 857. Innan avfall var det ikkje investert i 2012. Det er investert mindre enn budsjettert og enkelte av prosjekta som ein ikkje kom i mål med, er planlagt gjennomført i 2013.

DRIFT


14. mars gjekk det eit jord og steinras som førte til leidningsbrot på turbinleidninga mellom Årsetvatnet og vassbehandlingsanlegget. Vassforsyninga vart råka og det var nødvendig å etablere krisevassforsyning frå Andestadvatnet og frå Sætre og James vassverk. Det vart innført kokepåbod for alle abonnentar som varte fram til 24. april. Vi fekk bistand frå Siviltforsvaret og brannvesenet til pumping av krisevatn og det vart lagt brannslangar over Sykkylvsbrua.

Etter at skaden på turbinleidninga vart reparert, vart det gjennomført omfattande spyling av leidningsnett.

Rørbrøtet på turbinleidninga har vore ei stor utfordring og kravd betydelege ressursar. Dette prega aktiviteten vår i fjor.

Utanom brotet på turbinleidninga, har vi som oversikta nedanfor viser, hatt svært få feil i 2012.

Driftsavvik VA 2002 – 2012:




Når det gjeld drifta elles, er det verdt å nemne:

- Mattilsynet gjennomførte tilsyn med drift av vassleidningsnett som ein del av ein nasjonal kampanje. På bakgrunn av revisjonen skal vi revidere beredskapsplanen, kartlegge risikoabonnentar og utarbeide ulike driftsprosedyrar.
- Årim overtok ansvar for kontrakt om slamtømming frå og med januar 2012.
- Prosjektet med å få fleire eigedomar tilknytt vatn og avløp har halde fram. Den største saka har vore tilknytning av Vik kloakklag.
- Oversikt over leveringsmønster ved miljøstasjonen har vist at om lag 25 % av abonnentane har levert 75 % av avfallsmengda. På bakgrunn av dette vart det vedteke å innføre brukarbetaling for dei som leverer over 700 kg per år med verknad frå 2013.
- Det har vore ulovleg påsepp av kjemikaliar til silanlegget vårt på Vik. Denne saka er til etterforsking.

Fondsutvikling 2002 – 2012:

For vassforsyning har fondet auka med kr. 670 475 til kr. 2 540 520 og for avløp med kr. 2 188 675 til kr. 4 374 898. Innan avfall auka det akkumulerte underskotet med kr. 200 347 til kr. 1 091 323. Det er verdt å nemne at SE sin del av ÅRIM sitt justeringsfond innan avfall er kr. 1 360 000.

Fondsutvikling VAR 2002 – 2012:



Lisje Klovheitind. Foto: Per Magne Drotninghaug

Økonomi-/administrasjon-/kundeavdeling

Selskapet sine funksjonar knytt til informasjon, økonomi, administrasjon og kunde-handtering er samla i ei kundeavdeling.

Kundehandling

Kundeavdelinga har ansvar for kundesenter, avrekning, fakturering og innkreving. Innanfor innkreving har vi eit samarbeid med Kredinor.

Kundesenteret vårt er delt i to einingar, ei som svarer på spørsmål om vatn, avløp og renovasjon, og ei som svarer på spørsmål om nettleige og EL.

Målet vårt er at kundane skal bli godt ivaretekne enten dei kontaktar oss via heimesida vår, på e-post eller på telefon. Vi arbeider kontinuerlig med å betre kunde-handteringssystemet og rutinar for fakturering og innkreving.

Kundeavdelinga har også ansvar for følgjande tenester:

- Kundeweb, kundane logger seg på egne sider
- SMS og e-post frå kundesystemet, varslings ved straumutkoplingar, målaravlesingar og andre meldingar
- E-postfaktura, kundane kan velje å få fakturaen tilsendt på e-post
- Elektronisk meldingsutveksling med installatørar

Frå 2012 vart Sykkylven Energi AS eit reint nettselskap, då Nordvest Kraft AS, hausten 2011 vart seld til Tafjord Kraft AS.

Informasjon

Avdelinga har ansvar for mykje av informasjonsarbeidet som skjer i Sykkylven Energi AS. Dette inneber mellom anna ansvar for utvikling av heimesida vår og annan kunde-



Trude Breivik,
Økonomi og administrasjonssjef

informasjon, som til dømes kundekalender og SE info. Vi har i tillegg ansvar for utarbeiding av informasjon i samband med straumbrot og andre krisesituasjonar.



Revsdalshornet. Foto: Per Magne Drotninghaug

Nøkkeltal for 2012

Omsetninga var	kr	66.607.602
Dette gav eit resultat på	- driftsresultat	kr 8.292.265
	- før skatt	kr 5.548.518
	- etter skatt	kr 3.968.211

Brutto investeringar gjennom året:	kr	39.298.629
Anleggsbidrag og tilskot frå kundar	kr	4.601.238
Netto investeringar gjennom året	kr	34.697.391

Eigenproduksjonen var:	44,8	GWh
Aktive abonnement:	4 491	

Sum levert til sluttbrukarar i Sykkylven	126,0	GWh
Tap i nettet:	5,8	GWh
Totalt transportert:	135,3	GWh

Tekniske tal:

• Høgspenning linjenett	77	km
• Høgspenning jordkabel	84	km
• Lavspenning linjenett	173	km
• Lavspenning jordkabel	217	km
• Tal på fordelingstransformatorar	227	stk
Samla yting på transformatorar	73190	kVA

Økonomiske nøkkeltal	2008	2009	2010	2011	2012
Eigenkapitalandel (EK i % av totalkapital)	33,6 %	37,4 %	38,8 %	42,1 %	42,1 %
Totalkapitalrentabilitet					
(res. før eop. + finansinnt. i % av gj.sn tot. kap.)	9,3 %	9,1 %	8,9 %	7,3 %	4,1 %
Eigenkapitalrentabilitet					
(resultat i % av gjennomsnittleg eigenkapital)	10,9 %	13,4 %	13,3 %	18,0 %	4,4 %
Likviditetsgrad 1					
(Omløpsmidlar dividert med kortsiktig gjeld eksklusiv fond for meir/mindreinntekt)	1,1	1,0	1,0	1,1	1,0

ORD OG UTTRYKK

V	=	volt		
kV	=	kilovolt	= 1000 V	= måleining for spenning
A	=	ampere		= måleining for straum
W	=	Watt		
kW	=	kilowatt	= 1000 watt	= måleining for effekt
MW	=	megawatt	= 1000 kilowatt	
kWh	=	kilowatt-time		
MWh	=	megawatt-time	= 1000 kWh	
GWh	=	gigawatt-time	= 1 mill. kWh	= måleining for energi
TWh	=	terawatt-time	= 1 milliard kWh	

Styret si melding

Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for transport av energi samt ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 48 GWh i eit normalår. Frå 2012 har SE også engasjert seg i fiberutbygging, og har bygd ut og leverer fiber i dei sentrale deler av kommunen. Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven kommune. Selskapet har 22 tilsette og er eigd av Sykkylven kommune.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2012 hatt desse medlemmane:

Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nest-leiar), Arve Ekornes, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Halvard Hjorthol (frå dei tilsette) og Arvid Skinnes (frå dei tilsette).

I 2012 er 47 protokollerte saker handsama og styret har hatt 9 møter. I tillegg er det gjennomført to møter med eigar, utanom ordinær generalforsamling.

Økonomi:

Samla driftsinntekter for SE i 2012 var kr 66 607 602 medan samla driftskostnader var kr 58 315 337. Nedgangen i inntekter og kostnader frå 2011 skuldast i all hovudsak avvikling av kraftomsetnad som eige resultatområde. Driftsresultatet vart kr 8 292 265.

Årsresultatet før skatt viser kr 5 548 518 og resultatet etter skatt kr 3 968 211. Styret har ambisjonar om å halde eit godt resultatnivå framover, men grunna låge kraftprisar samt store investeringar, må ein vente noko lågare avkastning i åra som kjem, enn kva som har vore dei seinare åra

SE sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen blir påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE nyttar finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. Dei finansielle kontraktane handlast på Nasdaq OMX-børsen. SE har ikkje nytta finansielle sikringskontraktar i 2012. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet og for dei finansielle kontraktane er Euro. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

SE sin likviditetsrisiko er pr 31.12.12 låg. Sel-

skapet har langsiktige lån og solid eigenkapital. Dei komande åra skal selskapet gjennomføre store investeringar som vil måtte finansierast med lån. Selskapet vil då i større grad bli eksponert for endringar i rentemarknaden.

Med ein totalkapital på kr 216 549 282 og ein eigenkapital (inkludert disponert overskot i 2012) på kr 91 169 746, vurderer styret SE si finansielle stilling som tilfredsstillande. Dette inntrykket vert forsterka av at det avdragsfrie ansvarlege lånet på kr 30 000 000 inngår i selskapet si langsiktige gjeld. Før utbytte for 2012 utgjer den frie eigenkapitalen kr 50 354 469, og er ikkje ei avgrensing i høve til foreslått utbytte.

Brutto investeringar i 2012 utgjorde 39,3 mill. kr. Delar av finansieringa er dekt gjennom anleggsbidrag (4,6 mill. kr). Netto investeringar finansiert av SE var såleis på 34,7 mill. (fordelt med 19,9 mill. til ny kraftstasjon, 2,4 mill. innan VAR-anlegg, 3,3 mill. til el nettet, 5,5 mill til fiberprosjektet. Øvrige investeringar gjeld EDB-anlegg, bilpark og gatelys). Det høge aktivitets- og investeringsnivået, vil fortsette også i 2013 og 2014.

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er viktigaste bidragsytar til SE sitt resultat i 2012. Vi har gjennom året opplevd tilnærma normale nedbørsmengder/tilsig og vi produserte til saman 44,8 GWh i våre 3 kraftstasjonar. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2012 på 23 øre KWh, noko som er 36% lågare enn i 2011 og det lågaste nivået sidan 2005. Prisen i Midt-Noreg har i 2012 vore tilnærma lik systemprisen.

Det vert arbeidd med å planlegge fleire mini- og mikrokraftverk i Sykkylven. Styret vil at SE skal vere ein aktiv støttespelar til at planane kan bli realisert og vil at selskapet, der dei er ønska, går inn på eigarsida i lokale kraftverk. Lokal utbygging vil bidra positivt til klimaregnskapet og forsyningssikkerheita i regionen samtidig som den samla nettleiga som kundane i Sykkylven skal betale kan bli redusert.

El-distribusjon og kraftsal:

Totalt vart det i SE sitt linjenett transportert 135,3 GWh. Tap i nettet var på 5,8 GWh (4,29 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i bygda var 126,0 GWh.

Transportert energimengde i nettet og regional-

nettleiga har dei siste åra vore nokså stabil. Frå 1 juli 2012 sette selskapet ned nettleiga med 2 øre på energileddet i alle tariffane.

I 2012 vart det henta inn 7,7 mill. meir enn SE si inntektsramme tillet. Berekna meirinntekt i balansen pr 31.12.12 er på kr 12,8 mill. I 2013 vil store delar av meirinntekta bli tilbakeført til kundane.

Kostnader til transport av energi i overliggende nett (nettleige til Tussa Nett AS og til Statnett SF) var på kr 7 156 000. Dette utgjer 21,0 % av nettleiga til SE sine kundar.

Utgiftene grunna avbrot i elforsyninga i eige nett i 2012 er kr 290 000 (kr 157 000 på grunn av driftsforstyringar og kr 134 000 på grunn av varsla avbrot).

Den 25. desember 2011 vart Sykkylven råka av orkanen Dagmar. Ekstremveret påførte SE sitt linjenett omfattande skadar, som vi fram til april/mai 2012 arbeidd med å utbetre. Beredskapen fungerte godt, og SE var det første selskapet i nordvest som fekk gjenoppretta tilnærma normal forsyning etter Dagmar. SE har valt å forsikre sine anlegg mot slike hendingar, slik at dei økonomiske konsekvensane av ekstremveret vart avgrensa.

Statnett har i løpet av året kome i gang med bygginga av ny 420kV transformatorstasjon på Heiane. Som eit vilkår i konsesjonen, satt av OED, skal Sykkylven Transformatorstasjon på Haugset sanerast. For SE inneber dette ei omfattande omlegging av heile høgspennetnettet i kommunen, i tillegg til at ny transformatorstasjon med koplingsanlegg må etablerast på Heiane. Tiltaket vil betre forsyningssikkerheita inn til Sykkylven og internt i kommunen, samstundes som nettet blir meir robust for ver og vind. Prosjektet er det største enkeltprosjektet innan distribusjon av straum i selskapet si historie.

I 2011 vart Nordvestkraft AS selt til Tafjord kraft AS, og kraftkundane som SE hadde fakturert og handtert på vegne av Nordvestkraft, vart flytta til Tafjord Kraftsalg AS frå 01.01.12. Avviklinga av denne tenesteytinga for Nordvestkraft, påverkar omsetnaden og varekostnaden for området "kraftomsetnad". I 2012 er det i tillegg bokført nokre avviklingskostnader i samband med endringa.

Vatn, avløp og renovasjon:

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 26 105 039, medan driftskostnadane var kr 22 547 187. Dei akkumulerte positive sjølvkostfonda var pr 31.12.2012 på kr 5 824 096. For vatn vart fondet auka med kr 670 475 til kr 2 540 520, for avløp vart fondet auka med kr 2 188 675 til kr 4 374 898.-. For renovasjon vart fondet redusert med kr 200 347 slik at samla akkumulert negativt fond innan dette området pr 31.12.2012 er kr -1 091 323. Positivt bidrag til sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 2 658 802 i 2012.

Den 14. mars vart selskapet råka av nok ei naturkatastrofe. Eit jord- og steinras skada turbinrøret mellom drikkevasskjelda Årsetvatnet og vassbehandlingsanlegget i Ramstaddal. Dette førte til stans i vassforsyninga frå Årsetvatnet, med unntak av områda Ramstaddal og Søvikdal som hadde forsyning med ureinsa vatn derifrå. Det vart etablert krisevassforsyning frå Andestadvatnet og frå Sætre og Jarnes vassverk med brannslange over Sykkylvsbrua. Tilsette, Sivilforsvaret og brannvesenet samarbeidde godt i vekene det tok å få reparert skaden på rørleidningen og reingjort leidningsnett.

Vassforsyninga frå Årsetvatnet var tilbake igjen 30. mars og kokepåbodet vart oppheva 24. april etter gjennomført spyling av rørleidningar og godkjende vassprøver.

Frå 1. juni 2011 tok ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Miljøelskap IKS) over ansvaret for innsamlinga av hushaldningsavfallet i Sykkylven og i dei andre 11 eigarkommunane. Overføring av oppgåver og ansvar knytt til dei lovpålagte oppgåvene innan renovasjon og slamtømming har halde fram i 2012.

Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra, er eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar. I 2012 vedtok Sykkylven kommune ny hovudplan for avløp for perioden 2012 – 2020. I løpet av 2013 vil forslag til ny hovudplan for vassforsyning bli utarbeidd.

Produksjon i egne kraftstasjoner:

Riksheim kraftstasjon	21,2 GWh
Riksheimdal kraftstasjon	22,2 GWh
Ramstaddal kraftstasjon	1,4 GWh
Sum egenproduksjon	44,8 GWh

Spot-inntekta frå 44,8 GWh var 10,4 mill kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 23,24 øre/kWh eks mva. Utover dette var det ekstrainntekter frå sal av grøn kraft på 0,8 mill kr. Det har ikkje vore nytta finansielle sikringskontraktar i 2012.

Driftsavbrot gjennom året utgjer om lag 5 GWh. Størstedelen av dei tapte inntektene som ein følgje av avbrota i 2012, vert dekkja gjennom avbrotforsikringa.

I februar fatta styret vedtak om å gjennomføre rehabilitering av Riksheim Kraftverk. Tiltaket inneber ny og nedsprengt rørgate, nytt stasjonsbygg og ny generator og turbin. Det vil også bli etablert nye koplingsanlegg i samband med tiltaket. Total ramme for investeringa er om lag 53 millionar kroner, og vil medføre ei auke i årleg produsert kraft på om lag 7 GWh. Det jobbast med å få godkjent grønne sertifikat for produksjonsauken. Christie & Opsahl AS fikk tildelt oppdraget som totalentreprise.

Fiber:

Hausten 2011 fatta styret vedtak om å starte eit pilotprosjekt med utbygginga av "Fiber til heimen" til eit avgrensa område i kommunen. Samstundes blei det inngått ein samarbeidsavtale med NextGenTel AS om leveransar av innhaldstenester retta mot hushaldsmarknaden. Prosjektet vart godt mottatt av kundane og utbygginga til ca 600 hushaldskundar vart gjennomført i 2012.

Utbygging av fiber til næringsliv/industri samt kommunale lokasjonar har halde fram i 2012. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter i sentrale deler av Sykkylven tilbod om kommunikasjonsløyseing på fiber. SE har ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden, der dei skreddarsyr og supporterar tilpassa løyseingar av høg kvalitet. Strategi for vidare fiberutbygging vil bli lagt i 2013.



Kalvar på Myrdalsfjellet. Foto: Per Magne Drotninghaug

Anna:

SE krev på vegne av Enova SF inn ei avgift på 1,0 øre/kWh gjennom nettleiga. Desse midlane vert av Enova fordelt til ulike tiltak og prosjekt for å redusere energibruken i Noreg.

SE er tillagt ansvaret for tilsynet med dei elektriske anlegga i Sykkylven kommune. Dei seinare åra har arbeidet gradvis gått over til å sikre at anleggseigar gjennom eit fungerande internkontrollsystem sjølv har rutinar for å sikre ein trygg installasjon.

SE kjøper tenester for sitt lokale el-tilsyn frå Elsikkerhet Møre AS. For straumkundane, er slike tilsyn gratis.

Arbeidsmiljø og likestilling:

Arbeidsstokken i selskapet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 22 tilsette som utførte 21,8 årsverk, 6 kvinner og 14 menn. Gjennom 2012 har SE hatt to lærlingar tilsatt.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsettast i alle stillingar ved SE, under elles like føresetnader vert kvinner prioriterte ved tilsetjing på driftsavdelinga. I styret er det 2 kvinner og 5 menn. SE har to verneombod, den eine er velt til hovudverneombod. SE er medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste. Sjukefråveret var i 2012 på 5,5%. Det har ikkje vore fråværsnader i 2012 og arbeidsmiljøet vert vurdert som godt.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE sine pensjonsforpliktingar er aktu- arberekna til kr 2 363 760 Beløpet er rekne-

skapsført. SE er medlem i «KS Bedrift» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

Forsking og utvikling

Selskapet har for tida ingen større pågåande forskings- og utviklingsprosjekt.

Ytre miljø:

SE er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utsleppa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av SE må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag over 50% av jord- og sjøkabel, noko som er godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss. Eit anna døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der vi mellom anna har valgt å sprengje den nye rørgata ned i fjell.

SE drifar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslepp skal sanerast i perioden 2012 - 2020. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

Generelt:

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2012 er sett opp under denne føresetnaden.

SE har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigaste samarbeidspartar har vore dei andre selskapa innan NVK- gruppa og Stranda Energiverk. I 2012 vart det inngått avtale mellom 11 nettselskap i Møre og Romsdal, om å skipe selskapet Smart Straum Nordvest. Selskapet skal bistå eigarane med kompetanse og system for å sikre ei vellukka innføring av AMS i kvart nettselskap. I 2012 er det også inngått avtale med Tussa Nett om samarbeid knytt til driftskontrollsystem og overordna vakt.

Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i innkjøpssamarbeidet, og det er gjennom stort volum oppnådd gode vilkår. SE vil arbeide for det vert etablert liknande innkjøpsordningar for forretningsområda vatn, avløp og renovasjon.

Disponering av årsresultat

I 2012 er det utbetalt 1 347 000 kr i renter på ansvarlig lån. Med utgangspunkt i "Avtale om utbyttestrategi" mellom Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS, foreslår styret følgjande disponering av overskotet etter skatt på kr 3 968 211 for 2012:

kr 3 677 000 vert utbetalt som utbytte til eigar.
kr 291 211 vert ført til annan eigenkapital.

Styret for Sykkylven Energi AS, 18. april 2013

Steinar Johan Bakke
Styreleiar

Kristin Grebstad
Nestleiar

Arve Ekornes
Styremedlem

Odd Arne Krüger
Styremedlem

Renate Karlsen
Styremedlem

Halvard Hjorthol
Styremedlem

Arvid Skinnos
Styremedlem

Trond T. Lauritsen
Adm. dir.

Generalforsamlinga i

Sykkylven Energi AS
6230 Sykkylven

MELDING FRÅ REVISOR 2012

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven Energi AS som viser eit overskot på kr 3.968.211. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, oppstilling over resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre notisopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslovas reglar og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

